

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rødøy.

Emne: Lynging og Mosing.

Bygdeig:

Oppskr. av: T.K. Heen,

Gard: Storselsøy.

(adresse): Nordværnes

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Lyng blir sanket.

Til omlag 1000 var det mange småbrukarar og husmenn med 2-3 kyr som rekna med at dei skulde livberge minst ei ku ned drott. (Tang, tare, lyng og fiskavfall) Slike feeigarar låg då ofte i lyngskogen både seinhaustes og når det var ber-mark om vinteren og frametter våren. Det var "røsjelyngen" som vart tatt. Lyngen skar dei med kornsigden. Var han lang, kunde dei bruke ljåen. Si vanleg høyribe vart mange gonger nytt til å rake han inop ned. Sa vart lyngen stappa i sekker og born eller kryrd heim.

Skar dei lyngen langt frå heimen, kunde dei leite seg nævelege rom under store steinar eller hellarar til å ha lyngsekkene gjymde i til dei fekk betre tid eller høveleg føre til å bera, ~~med hjelpe av hundar~~ eller draje dei heim. Det hende også at dei køyrd sekkene heim på ein vanleg sleda.

2). På Storselsøy har det neppe vore sanka lyng til bunat i dette hundradåret. Men eg har sett at folk andre stader i kommunen har tatt lyng til naufor i vårenna.-

3). Lyngen vart mange gonger riven opp med hendene, især når han vaks mellom steinar og i anna ulende. Men elles vart det nytt både vanleg tollekniv, lange brødknivar, kornsigd og ljå. Har ikkje høyrd at det vart arbeidd seskilt sigd til lyngtakinga. (Lyngsigd)

4). Etter som det høvde. Var mannofolka borte, gjekk kvinnfolka i lyngskogen.

5). Lyngen treng omlag 3-4 år til å veksa opp etter at han er vorten bortskoren.

6). Den vert som oftast stappa i snørsekker eller vanlege stroiesekker og born, dregen på kjelke eller kryrd heim.

7). På laven.

8). Både kyrne og sauene et lyngen godt. Dei får han mange gonger aleine som eit 3dje mal midt på dagen. Har ikkje høyrd at lyngen vart hakka før han vart gitt til feet.

II. Mosing.

Det er svært sjeldent at det vert sanka mose til attåtfor. Når så skjer, er det i den hardaste vårnipa.

²). ~~Sjå 1.~~

3). Det må jo vera bemerk nå ein skal sanke mose

21

så det arbeidet høver best etter regn. Og da er sjølvsagt mosen våt.

4). I vårknipa er mannofolka som oftest på fiske, så det vert kviianfolk og halvvaksne unger som lyst i mose-skogen. Det blir tatt mose berre for 2-3 dagar så er veret høveleg kan sinkinga vare i fleire veker. Men som oftest kjem det jo snø, så srbeidet må slutte for ~~lang~~ ~~ein~~ fleire dagar i gongen.

5). Mosen vert som oftest riven med hendene og med hendene vert han samla sman og stappa i vanlege sriesekker og boren heim. Her kalles arbeidet å rive, røsje og plukke mose.

6). Mosen vert heimboren med ein gong.

7). Her vert ikkje samla meir mose i gongen enn til ein dag eller to. Han vert soleis oppeten med ein gong.

11). Det er kyr og sauер som får mose. Og den vert mange gonger gitt slik den er. Men den kan og verta blanda med tang og tare og fiskavfall, så den vert gitt saman med anna hjelpefør.

12). Reintosen vart rekna for å vera likegod som vanleg høy.-

Det vert ikkje og har vel ikkje vore nytta anna mose til fomat enn reinmose.-

4/7 1948.

T. Kleen /

1869

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING